



Bø kyrkjeblad

Utgåve 2 - Desember 2020



Tilsette i Bø kyrkjelyd



Kyrkjeverje

**Martin
Stærk**

915 77 038
martin.stark@mtkyrkje.no



Kontorfullmektig:

**Dagne
Mo**

404 31 829
dagne.mo@mtkyrkje.no



Sokneprest:

**Axel J.
Bugge**

454 77 020
axel.bugge@mtkyrkje.no



Kapellan

**Kristian
Gotehus Kohn**

900 74 770
kristian.kohn@mtkyrkje.no



Organist:

**Rolf
Axelsen Lie**

951 83 114
rolf.lie@mtkyrkje.no



Korleiar:

**Grete
Hasselgård Sele**

915 56 348
grete.sele@mtkyrkje.no



Trusopplærar

**Signe Vreim
Østtveit**

971 82 146
signe.osttveit@mtkyrkje.no



Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:

**Per Johan
Nordvik**

913 89 533



Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:

**Håkon
Holtar**

906 16 806



Kyrkjetenar:

**Håkon
Mæland**

957 51 519

Lyset skin i mørkret

Du held nå det andre nummer av kyrkjebladet i handa di og eg håpar at bladet blir til ettertanke og inspirasjon. Vi er nå godt dekkja med annonsørar og det er og nok frivillige som vil gå eller køyra rundt med bladet. Ein stor takk til alle som deltek frivillig og bringer kyrkjebladet ut, og takk til dei som støttar bladet økonomisk med annonser og dei som sender inn gåver. Det er fleire som har gjeve oss positive tilbakemeldingar på at bladet er velkomen i postkassa.

Vi går inn i ei tid som er meir uforutsigbar enn før med tanke på smitte. Mange er redde og kjenner på isolasjon og einsemd. Denne einsemda kan lett bli forverra i jula når vi ikkje kan møtast på same måte som før. På mange måtar er vi alle i same situasjon; vi kan alle bli smitta og sjuke, men vi ber og på det same håpet om at desse vanskelege tider skal ta slutt og at livet skal normaliserast.

Vi kan ikkje kontrollere alt og må leva med usikkerheit også langt inn i det nye året, men vi mistar ikkje motet.

Som kyrkje skal vi halde motet oppe og halde lyset tent i advent og juletida. Jesus er verdas lys og han lar sitt lys skine i denne verda.

«Lyset skin i mørket, og mørket har ikkje overvunne det», skriv den yngste lærasveinen til Jesus i det fjerde evangelium som vert kalla Johannes evangeliet. Lat oss halde fast på lyset og tru på Jesus som kjem som vår bror, frelsar og trøystar i desse tider.

Med ynskje om ei god advent- og julehøgtid!

Axel J. Bugge

sokneprest og redaktør

Gjev di julegåve til Bø kyrkjeblad:

VIPPS til Bø sokn
– 116673 vel: Kyrkjelydsblad

Eller konto: 2801.53.52096
merk: Kyrkjelydsblad



Bø kyrjekontor, Kyrkjevegen 78, 3800 Bø i Telemark

Telefon: 35 06 10 40 • Epost: post@bokyrkje.no

Bø kyrkje og Bø gamle kyrkje, Kyrkjevegen 63, 3800 Bø i Telemark

FYLG OSS PÅ bokyrkje.no //  Bø kyrkjelyd

Redaksjonen: Anne-Lene Refsum, Olav Haugestøl, Jan Nikolai Boye, Martin Stærk, Axel J. Bugge

Forsidefoto: Signe Vreim Østtveit

Trykk og design: Superlativ Media AS / Opplag: 3500 eks.



Dette skjer i kyrkjelyden

Barneklubben på Bedehuset for 4-9-åringar er i gang annakvar onsdag med leikar, hobbyaktivitetar og andakt.



Det var full fart på Mesternes Mester for 6. og 7. klasse på Jønnbu ein laurdag i september.



Å kappete is er ein kald opplevelse på Give me five, som møtast på Bedehuset etter skulen på fredagar.

Fotograf: Signe Vreim Østtveit

Hilsen fra kirkevergen

I disse dager er alle ansatte i gang med å planlegge jul i kirken. Julen er en viktig høytid, med mange tradisjoner. Dessverre vil årets julehøytid bli preget av smittevern og begrensninger. Vi har likevel et sterkt ønske om å tilrettelegge så godt vi kan for en tradisjonsrik jul innenfor de rammene vi har.



Med økt smitte i samfunnet, og en erkjennelse av at vi må regne med å stå i denne situasjonen lenge må vi gjøre tiltak for å sikre at våre arrangementer er trygge for alle deltakere, ansatte og frivillige. Utviklingen fremover er usikker, og vi jobber på mange måter mot et bevegelig mål. Reglene og rådene forandrer seg. Vi oppfordrer alle til å følge med på våre nettsider bokyrkje.no for informasjon om arrangementer. I nær fremtid nå er det regler om maksimalt 50 deltakere, og vi legger opp til enkel påmelding via våre nettsider. Eller man kan ringe til kirkekontoret, så legger vi inn påmeldingen. Når maksimalt antall deltakere er nådd stenger påmeldingen. Hvordan utviklingen blir videre er usikkert, men vi oppdaterer nettsiden ved endringer. Vi er lei oss for at dette fører til at vi kanskje ikke får plass til alle, men håper dette kan være med på å bidra til at alle føler seg trygge, og at vi også bidrar i dugnaden for å begrense smitte i samfunnet.

Det er nå planlagt for tre gudstjenester på julaften for at flest mulig skal få mulighet til å være med på gudstjeneste. Vi planlegger for to gudstjenester 1.juledag. Dersom du ikke får plass på julaften er du hjertelig velkommen 1.juledag.

Jeg vil benytte anledningen til å rette en stor takk til alle ansatte og alle frivillige som bidrar til at vi fortsatt kan være kirke i en tid med mange begrensninger. Så vil jeg også oppfordre til å følge med på nettsiden vår, facebook og Instagram. Ta gjerne kontakt med oss på kirkekontoret dersom du har spørsmål eller innspill. Jeg ønsker alle en riktig god adventstid og julehøytid!

Hilsen fra
Martin Stærk
Kirkeverge

**Ikke alle barn
gleder seg til jul**



Gi støtte, trygghet og håp til familier som har det tøft.

Illustrasjonsfoto

**Send SMS BK JUL til 2210 (200 kr)
eller VIPPS valgfritt beløp til 13130**



Juleandakt - KROPP

av Kapellan Kristian Gotehus Køhn

Jula er mi type høgtid. Så lenge eg kan hugse har eg sett fram til adventstid og jul, og framleis er det slik. Eg gler meg til dufta av røykelse. Til å sette på plata med Händels Messiah. Til å skrelle klementinar og bake peparkaker med borna. Det dunkle lyset frå stjerna i vindaug et om kvelden når alle lamper er sløkka. Lyset som skin i mørket.

Jula er mi type høgtid. Vi snakkar så å seie same språk, jula og eg. Kropp, meir enn ord. Sansar, meir enn tankar. Og jula set verkeleg kroppen og sansane i sving. Juleverkstad og julekonsert. Julebakst og julemat. For ikkje å snakke om fødsel, barneskrik og morsmjølk. Den stramme lukta av fjøs. Stjerneskin og englesong. Seine natt, desember.

Julebodskapen er kroppsspråk og nærleik. Nærvære, meir enn ord. Difor er det krevjande å stove det i blekk, svart på kvitt i eit kyrkjeblad. Eg skulle mykje heller delt noko med deg i kyrkja, akkompagnert av vakre julemelodiar, med tende lys og duft av kongerøykelse.

Seine natt, desember: Jesus lyser opp den mørke stallen der han ligg i armene til mor si. Lyset i verda. Gud kledde seg i kjøt, blei kropp, og kom nær. Det er juleforteljinga. Når Jesus først viser oss kven Gud er, så er det relasjonane og nærværet som står i sentrum. Jesusbarnet i armene til Maria. Josef ved sida. Vi har satt opp julekrybba mange gonger, du kjenner motivet. Engelen som smiler. Kua. Gjetarane med lodne lam i hendene. Vismenn frå Afrika, dei ser i alle fall slik ut i krybba vår, med fargerike klede, krone og glinsande gåver. Kamelane parkert utanfor. Berre nokre timar ut i livet samlar Jesus om seg menneske frå nært og fjernt, høgt og lågt på samfunnsstigen. Det er ikkje orda dei samlar seg om, men det vesle barnet.

Eit av dei store paradoksa ved den kristne juleforteljinga er den uløyslege samankoplinga mellom det inderleg vakre og det som vekker djupt anstøyt. Om du einsidig fokuserer på det eine eller det andre lagar du eit vrengebilete av julebodskapen.

I dag, når vi samlar oss om det vesle barnet, ser eg ein tendens til reindyrking av det vakre. Og eg kan kjenne meg att. Dei gode kjenslene har forrang i julehøgtida. Alle julelysa fortrengrer mørket inn i bortgøymde kott. Jesusbarnet smiler og pludrar. Alle bilane utanfor kyrkja på julaften er nyvaska og polera. Og inne i stallen, rundt krybba, er det varmt og godt. Duftar av kongerøykelse og myrra. Blinkar i gull og glitrande innpakkingspapir. Det vakre mister si kraft.



Ein gong i tida var inkarnasjonen ei skandale for gudstrua. Julemotivet framfor noko anna, Guds son sveipt og lagt i ei krybbe, var eit hån. Gudsspott av verste sort. Kva har vel materien, kropp og natur, med det guddommelege å gjere? For ikkje å snakke om fattigdomen, kulda og stanken i den vesle stallen. Gud kunne verkeleg ikkje søkke så lågt!

Truleg gret det vesle barnet like mykje som han smilte den natta. Og all velduftande salve i verda kunne vel ikkje fjerne fjøslukta frå den nyfødde som låg der i krybba, i dyra sitt matfat. Gud steig ned til jorda og blei menneske lik. Jesus lukka ikkje auga for sanninga, men kjende sjølv på kroppen kva det vil seie å vere kald, svolten og forfølgd. Og han brukte livet sitt på å gjere godt igjen det som var gått sundt. Gud vil ha med deg å gjere.

Julenatta er eit mysterium. Uendeleg vakker i mine auge. Og på same tid vekker ho djupt anstøyt, fordi ho ikkje lar oss vere i fred. «Det du har gjort mot ein av desse mine minste har du gjort mot meg», seier Jesus, og gjer seg til eitt med verda. Guds andlet er å finne der i dei lysande auga til eit lite barn, men og i dei skrekkslagne auga til eit menneske på flukt. I dei vakre augneblinka, fylt av velduft. Men og i deserasjonen, angsten og beksvart mørker. Der er Gud til stades.

Seine natt, desember, tok Jesus på seg ein tenars skikkelse – og han ber oss gjere det same. For lyset skin framleis i mørket, og mørket har ikkje overvunne det.

Fin feiring av gullkonfirmantane

av Halvor Ulvenes

Soknebarna som vart konfirmerte i Bø kyrkje 26. april 1970 blei feira med ei fin markering sundag 4. oktober.

Pandemien sette ein stoppar for den planlagde feiringa i vår, så derfor vart den utsett til hausten.

Slik var kullet

For 50 år sidan var det 65 tenåringar som stod til konfirmasjon. Fire av desse er dessverre ikkje lenger blant oss. Denne sundagen var det 19 av 50-årsjubilantane som blei presenterte for kyrkjelyden. Det var også hausttakkefest, der det lokale bygdekvinnelaget pynta fint opp i gudshuset. Vidare var nokre ungdommar frå dagens konfirmantkull med på å kaste glans over arrangementet.

Sokneprest Axel J. Bugge leia gudstenesta på framifrå vis. Han er ein god og folkeleg forkynnar som får dei som sit på kyrkjebenkane til å følge med.

Eit høgdepunkt

Etter gudstenesta var det ei fin heidring av konfirmantpresten vår, Sven Vinsnes Eeg (1914-1999). Gullkonfirmant Ole Johnny Solhaug kom med den gode ideen om å heidle han med blomar. Den fine buketten stod i kyrkjegangen under gudstenesta saman med ein bilete av Eeg. Etter gudstenesta samla konfirmantane seg rundt grava, og Ole Johnny la ned blomane på grava til den populære presten. Dette blei eit høgdepunkt denne dagen.

Opp og ned

Etterpå var det feiring på Bø prestegard med lapskaus, kaffi, blautkake og hyggeleg prat. Der fortalde alle frammøtte om livet sitt, og det blei ei minnerik oppleving. Det var veldig spennande å møte medelevar som me kanskje ikkje hadde sett på 50 år. Forteljingane til kvar einskild var nok ein gong ei påminning om at livet byr på både oppturar og nedturar for oss alle.

Svært vellukka

Me er svært takksame for at sokneprest Axel J. Bugge var med oss desse tre timane i prestegarden. Arrangementet var så vellukka at fleire ymta frampå om at me burde samlast igjen om eit par år.



Framme frå venstre: Janne Dagny Vasvik, Elin Mæland Skogen, Kari Hynne, Laila Torekåsa Gulbrandsen, Margit Espedalen Hegna, Hege Slettemeås og Anne Marie Vesterdal.

Bak frå venstre: Morten Svagård, Halvor Ulvenes, Jørgen Verpe, Ole Johnny Solhaug, Svein Arne Bergskås, Jan Aarak, Borgar Torbjørn Kaasa, Gudmund Amundsen, Georg Kristian Førland, Torstein Verpe, Vidar Ystad og Torggrim Aarmodt.



Ole Johnny Solhaug legg ned blomar ved grava til sokneprest Sven Eeg som var deira konfirmantprest i 1970.

Tanker om jul fra barn

**Intervju av Sveinung Sætra
Erikstein, 6 år fra Bø.**

Gleder du deg til jul?

Ja, for da får vi gaver (latter)

Hvorfor tror du vi feirer jul?

-På grunn av Jesus ble født da, og Gud.

Hva pleier dere å gjøre i julen?

-Vi pleier å feire jul med andre, og sånn. Men nå kan vi nok ikke det nå som - i Korona.

Husker du julefortellingen om Jesus?

-Ja, han ble født

Husker du hvordan det begynte, kan du fortelle med dine egne ord?

-Ja, det begynte sånn at Josef og Maria bodde i et land, men det husker jeg ikke. Og så, ble Maria gravid, og så dro de et sted, og så besøkte de mange. Men det var hos mange det var fullt. Men hos en bonde så fikk de lov til å være i en stall. Og det var den eneste plassen Maria kunne føde.

Hva skjedde videre?

-Og så fødte Maria, og så kom det en stjerne på himmelen, og så kom noen med gaver til Jesus. Og så kom det noen andre og..



Kom det noen engler tror du?

-JA! Det var noen engler som sang for noen, og så kom noen og ville, eh sa at "Vi sang for barnet". Englene altså.

Var det noen engel som kom til Maria før hun dro?

-Ja.

Husker du hvilken engel det var?

-Nei

Husker du hvorfor han kom til Maria?

-Fordi det var advarsel om at hun skulle føde.

Intervju av Ingelin Ytreland 10 år fra Hørte

Hva er advent?

-Tida før jul, før julaften og sånn, når man tenner lys.

Har dere noen adventstradisjoner?

-Vi har julekalender, og vi tenner sånne lys og sånn, ja adventskalender.

Feirer dere Luciadagen?

-Ja, vi pleier å ha det litt på skolen. Jeg har hørt historien om Lucia, men jeg husker ikke så mye av den. Det var noe med at det var en jente som het Lucia som var kristen tror jeg, og som ikke fikk lov til å være kristen, og så hjalp hun de som var fanger og ga dem mat og sånn. Det er i hvert fall det jeg har hørt. Jeg husker ikke helt.

Hvordan pleier dere å feire jul?

-Vi pleier å gå i kirka, og så spiser vi litt ribbe og sånt. Så åpner vi gaver og så kommer nissen.

Husker du juleevangeliet, julens historie?

-Er det den om da Jesus ble født og sånn? Ok, det var Maria som ble fortalt at hun skulle føde Guds sønn, og så måtte de prøve å finne et sted, men det var fullt overalt så de måtte gjøre det i en stall. Det var tre vise menn som så en stjerne og så fulgte de stjerna og så



kom de til stallen. Å være vis betyr å være klok, eller smart.

Skjedde det noe annet?

-Ja, det var gjeterne som gjette sauene, at det kom masse engler på himmelen og så fortalte de det, og så ble de veldig redde og sånn.

Hva er engler?

-Jeg vet egentlig ikke helt, men de har i hvert fall vinger!

Hvem var faren til Jesus?

-Josef. Eller nei, det er jo på en måte Gud men liksom, Josef var jo kjæresten til Maria på en måte.

Korskulen i Bø

Nå er vi straks i adventstida og det er en stor og viktig tid for alle kora i Bø kyrkjelyd. Gudstjenester, sangoppdrag, Lucia, konserter og ikke minst julaften i Kyrkja.

I år er det jo en spesiell adventstid med begrensninger, avlysninger og stadig nye, justerte planer.

Kora har øvd og øvd og er klar for innspurten uansett hvordan den blir. Vi gleder oss og håper på å få gjennomført noe.

Kora er en viktig grunnpilar i menighetsarbeidet, trosopplæringa og det kirkemusikalske arbeidet i Bø Kyrkjelyd. Vi har kor og sanggrupper for alle aldre!!

I januar starter korskulen i Bø også opp orgelklubb i Bø kyrkje. Her får 5 unge, (8 – 12 år) entusiastiske orgelspillere ukentlige spilletimer med Julian Isaacs fra Heddal. En særdeles fin og flott utvidelse av Korskulen! Ivar Tellnes var først ute med å spille preludium på gudstjeneste i høst.

Det har vært et annerledes kor- og orgelår med nedstengning og lite øvelser i vår, og med de begrensninger vi har hatt i høst. Men vi har gjennomført de fleste øvingene med smittevern og tilpasninger. Vi har hatt 134 barn og unge og 75 voksne med oss i høst og har øvd og forberedt oss til gudstjenester og

konserter! Noen vi allerede har hatt og noen som nok må avlyses i år. Vi blir da iallfall bare enda klarere for neste advent og jul.

Korskulen i Bø ledes av korleiar Grete Hasselgård Sele og organist Rolf Axelsen Lie med hjelp av en rekke svært viktige og fantastiske frivillige foreldre og andre. Et stort arbeid som rekker ut til mange barn, unge og voksne, foreldre og besteforeldre, søsken, familie og mange mange fler. Alle er velkomne til å være med å synge.

Som soknerådsleiar, og korsanger, Ulf Bruno Vege sier det i korskulen sin brosjyre:

*«Song.... «Kom han til vår jord»
Vi satt ved julemiddagen, strofen kom
fra veslejenta, med klokkeklar og ren
diskant stemme. Hun hadde lært den
i koret. Hvilken lykke å synge! Hvilken
glede å synge i kor!
Vi er overmåde heldige i Bø som kan
ta del i dette uansett hvilken alder vi
befinner oss i.
Velkommen med!»*

Les meir om dei ulike gruppene på www.korskulen.no - Du finn også «Korskulen i Bø» på facebook.

Rolf Axelsen Lie

Korarbeidet er ein av grunnpilarane i kyrkje-lyden, og er i tillegg til det musikalske også ein viktig del av kyrkja si trusopplæring. Gjennom songen får både vaksne og unge korsongarar eit nært og personleg forhold til kyrkja og gudstesta, og er med på å gje kyrkjelyden eit variert uttrykk og inntrykk av trua og truslivet. Korskulen i Bø har som føremål å samle menneske i alle aldrar i eit musikalsk fellesskap der den kristne budskapen er synleg. På denne måten er **Korskulen i Bø** både kyrkjelydsarbeid, trusopplæring og kunstnarisk arbeid på ein gong.



Ivar på orgelkrakken



Sang på torgdag



Korskulen har fylgjande tilbod:

Babysong: Foreldre med born 0-1 år

Musikkleik: Foreldre med born 1 og 2 år

Minikoret: Born frå 3-5 år

SingLett: Born frå 1.-3. klasse

Seltin: Born frå 4.-7. klasse

Ragazze: Jentekor frå 8. klasse og oppetter

Orgelklubb: Individuell undervisning på kyrkeorgel

Kyrkjekoret: Kor for vaksne i alle aldrar



Ved Lortebekks kilder

Da jeg var ung, padlet to sprekinger fra Larvik til Nilens kilder. Mine turer er ikke i nærheten så avanserte, men det er turer som er viktig for meg. Det er turer i mitt nærmiljø. Terrenget er bare noen minutter unna. Jeg er ikke grunneier, men det er mitt likevel. Det dreier seg om Breisås. Her har jeg vandret i over 30 år til alle årstider. Trafikken har øket på, men som oftest er jeg alene. «Åsen min» er ingen biologisk rik ås. Skogsfuglbestanden har avtatt nærmest katastrofalt. Det gjelder både de store og de små. Skogsmeisene sliter veldig for tiden. Noe som er morsomt med Midt-Telemark, er at selv om det for det meste er surt og næringsfattig finnes det

La deg utfordre!!

Har du lyst til å vere med i samtalegruppe?

Kyrkjelyden ynskjer å starte grupper i heimane. Det kan vere Bibelgrupper, meir åpne samtalegrupper eller «tvil og tru»-grupper. Her kan vi bli kjent med nye mennesker, få nye venner og lære om nye ting.

Ta kontakt med Axel Bugge axel.bugge@mtkyrkje.no
eller Ulf Vege ulf.vege@nenett.no (tlf 993 64 715)

her og der lommer med mer næringsrik grunn. Det gjelder også Breisås. Det fyller meg med stor glede å tusle rundt om våren og lete etter forskjellige fargevarianter av blåveis. Orkideer finnes også her og der. Nattfiol er vel den sjeldneste. Husk at den er fredet. Bær finnes det godt med. Folk burde plukke mer bær! Kanskje er det mer soppsanking enn bærsanking? Bær er imidlertid mer rik på både næring og vitaminer mener jeg å ha hørt.



Når man i dag skriver og tenker på naturen, er det viktig å fremheve gledene, men det finnes dessverre mange leie ting. Livet i åsen påvirkes av trafikk. Vi som liker å vandre omkring, må fare varsomt fram. Snøscootertrafikk er vel egentlig forbudt? Vi må forsøke å være gode mot skaperverket og alle dets innbyggere. Albert Schweitzer formulerte: «ærefrykt for livet». Det er en god og nødvendig leveregel. Ikke noe liv er unødvendig. Alt liv er vevd sammen i et sterkt skjebnefellesskap. Vi er alt for mange mennesker på jorda, og vi lever alt for hardt og hensynsløst. Jeg tror Skaperen vil at vi skal leve varsomt og vise godhet mot alle skapninger. Det er selvsagt ikke uproblematisk, men det er et annet kapittel.

Ulf Vege

Organist Rolf skal ha permisjon

Vår faste organist Rolf skal ha permisjon i 50 % av stillinga si frå nyttår og i to år framover. Han skal jobbe i organisasjonen Ung kirkesang. Rolf skal fortsatt jobbe med barnekora og spele på familiegudstenestene der kora er med. Bruno Hageman vil vikariere for Rolf ved gravferder i permisjonstida, og Maren Barlien vil hovudsakeleg vere vikar på gudstenester fram til sommaren.

Salmar til glede og rikdom

Måndag 5. oktober sto eit utdrag av ein samtale mellom Arve Juritzen og Eyvind Skeie i avisa «Vårt Land», der dei klaga over at det var lite stimuli i gudstenestene, og mykje av grunnen var at mange av salmane var utdaterte og ikkje talte til oss.

Eg kan ikkje svare for andre, men for meg betyr ofte salmane vi syng, at dei har eit innhald som hjelper meg til å uttrykke nokre av mine inste kjensler. Det kan vere både gamle og nyare salmar, t.d. «Guds menighet er jordens største under» av Ronald Fangen, 1942, «Salige visshet, Jesus er min» av Fanny Crosby, 1873, «Slik som eg var» av Sigvard Engeset, 1916, «Fylt av glede over livets under» av Svein Ellingsen, 1971, og så mange fleire. Og eg må ikkje gløyme når vi syng «Deg være ære» mens vi går gjennom kyrkja ut på tunet 1. Påskedag.

Eg har sjølv blitt gammal nå, og har mist mykje av sangstemmen. Men eg kan likevel gle meg over både sangen og musikken i kyrkja, og eg gler meg over tekstene, og kjenner det som ein rikdom eg får del i.

Takk for alle dei gode og vakre salmane de set opp tilgudstenestene!

Beste helsing Åsta Holmaas



Åsta med sykkelen

Salme: Slik som eg var

1 Slik som eg var,
kom eg til Gud og fekk jubla: Min Far!
Skuldig til døden for syndene mange,
bunden i lekkjer frå syndeveg lange.
Å, for eit under, han elsk til meg bar
slik som eg var.

2 Slik som eg var!
Å, eg fekk sleppa den byrda eg bar!
Døra var opna for syndaren store,
ja, det var nok det som Frelsaren gjorde.
Barn fekk eg vera, og Gud var min far,
slik som eg var.

3 Slik som eg er,
Herren i nåde til barnet sitt ser.
Om synder og tvil det er heile mi æra,
han er min Frelsar, og det vil han vera.
Nåden er fri, og eg kviler meg der,
slik som eg er.

Sigvard Engeset; 1917/1919



 Bertelsen Nyhuus Optikk
 bertelsennyhuusoptikk

Grundige synsundersøkelser,
god fagkunnskap, oppdatert
utstyr, topp service,
kjente merkevarer og
konkurransedyktige priser

Åpent mandag - fredag 10-16
lørdag 10-14



Bøgata 61, 3800 Bø tlf. 4839 4681
post@bnoptikk.no www.bnoptikk.no

TRYKKSAKER // WEB // VISUELL IDENTITET // SKILT // FOTO



Vi gratulerer med nytgivelse av Bø kyrkjeblad,
og takker for oppdraget med design og trykk.

Lokalt er genialt

Bøgata 31 // tlf. 35 95 10 10 // superlativ.no

Slekters gang fra september 2020

Døypte




Ida Fåne,
døpt 13/09



Andrea Syvertsen
Skogseide, døpt 13.09



Vebjørn Høyvik Ulltang,
døpt 20.09



Casper Dale Bakka,
døpt 20.09




Live Nyhus Sanda,
døpt 1/11



Emil Langkås Løkamoen,
døpt 1/11



Adrian Hynne,
døpt 8/11



Espen Innleggen
Forberg, døpt 8/11

VI UTFØRER ALT INNEN
**NYBYGG, PÅBYGG OG
RESTAURERING**



**MIDT-TELEMARK
BYGG AS**

mtbygg.no

Folkestadvegen 166, 3802 Bø

Vigde



- Iselin Dale og Kristian Eika, Vigde 10.10.2020
- Linda Johnsen og Bjørn Erik Johnsen, Vigde 24.10.2020



Brudeparet Johnsen


Gravlagde/Bisettelse



Ragnhild Verpe f.1925
Judith Tomine Andersen f.1922
Sigurd Stykket f.1931
Andres Innleggen f.1935
Halvor Roheim f.1934
Nina Kristine Kåsa f.1952
Ambros Bergskås f.1933
Else Østerdal f.1935

*« Lær oss å telja våre dagar så
vi kan få visdom i hjartet! »*

Salme 90,12



Tlf. 35 06 00 00

www.systemblokk.no





POWER

Åpningstider: 10-18 (16)

Tlf: 35 06 03 50



HELLESTAD SANDTAK

**Knust fjell,
ferdigbetong
og transport**

**Vi leverer også støypesand, pussesand, kulestein,
sprengstein, pukk og sams masse**

- Kan leggje ut sand og pukk med transportbns.
- Leverer ferdigbetong i alle kvalitetar og disponerer bandbil og pumpemixar
- Skaffar folk som støyper og pussar golvet ditt
- Disponerer tipp-plass for jord og steinmasser

Hegnungvg. 131, 3800 Bø • tlf. 35 95 01 49 • www.helle-h.no



HAUGESTØL VVS AIS



3800 BØ – Tlf. 35 06 06 50

Tlf. 35 06 06 50

Vakttlf. 480 01 222

E-post: post@haugestolvvs.no



M U R M E S T E R

ESPEDALEN
MEIR ENN MUR

Tlf. 35 06 03 30

www.murmesterespedalen.no



FARGERIKE

Bø Maling a/s

Butikk: 35 95 13 50 E-post: post@bomaling.no
Håndverk: 95 88 05 26 E-post: john@bomaling.no

Sjekk  Punkt
BILVERKSTED

BØ AUTO AS

Verksted • EU-kontroll • Bilutstyr
BILUTLEIE  **35 95 02 75**



FOTOGRAF
FOTOBUTIKK
RAMMEVERKSTED

Gymnasbakken 6, 3800 Bø
Tlf. 35 95 02 12

 Elite Foto Bø Fotosenter
www.bøfoto.no

elitefoto www.elitefoto.no

KIWI's PRISLØFTE

VI GIR OSS
ALDRI
PÅ PRIS!

KIWI mini
pris

KIWI Bø

ÅPNINGSTIDER: MAN-LØR

7-23

VALO PUMPER AS

OLAV HAUGESTØL

40 års erfaring innen
vann- og avløpspumper



VALO Pumper AS • Vreimsida 126 • 3803 Bø i Telemark
Tlf. 911 01 000 • olav@valopumper.no

Velkommen til gudsteneste!

Pga. smittevern er det påmelding til gudstenester i desember på bokyrkje.no eller telefon: 35 06 10 40

Fylg oss på bokyrkje.no og Facebook: bo kyrkje og kyrkjeannonse i Bø blad

DATO	DAG	STED	TID	TITTEL	PREKENTEKST
29.11.	1siadvent	Bø kyrkje	10:00	Familiegudsteneste	Luk 4,16-22a
29.11.	1siadvent	Bø kyrkje	12:00	Familiegudsteneste	Luk 4,16-22a
06.12.	2siadvent	Bø kyrkje	18:00	Kveldsgudsteneste	Luk 21,27-36
13.12.	3siadvent	Bø kyrkje	08:00	Luciamorgon	Luk 3,7-18
13.12.	3siadvent	Bø kyrkje	09:30	Luciamorgen	Luk 3,7-18
13.12.	3siadvent	Bø kyrkje	12:00	Dåpsgudsteneste	Luk 3,7-18
20.12	4siadvent	Bø kyrkje	11:00	Gudsteneste	Luk 1,39-45
24.12.	Julaften	Bø kyrkje	13:00	Julaften	Luk 2,1-20
24.12.	Julaften	Bø kyrkje	14:30	Julaften	Luk 2,1-20
24.12.	Julaften	Bø kyrkje	16:00	Julaften	Luk 2,1-20
25.12.	Juledag	Bø kyrkje	11:00	Høytidsgudsteneste	Joh 1,1-14
25.12.	Juledag	Bø kyrkje	13:00	Høytidsgudsteneste	Joh 1,1-14
27.12.	Romjul	Bø kyrkje	11:00	Gudsteneste	Luk 2,36-38
01.01.	Nydag	Bø kyrkje	11:00	Gudsteneste	Matt 1,20b-21
10.01.	2siåpenb	Bø kyrkje	11:00	Gudsteneste	Mark 1,3-11
17.01.	3siåpenb	Bø kyrkje	17:00	Kveldsgudsteneste	Joh 4,4-26
24.01.	4siåpenb	Jønnbu	11:00	Familiegudsteneste	Joh 9,1-7.35b-38
31.01.	Såmanns	Bø kyrkje	11:00	Gudsteneste	Mark 4,26-34
07.02.	Krist Forkl	Bø kyrkje	17:00	Fellesgudsteneste	Mark 9,2-13
14.02.	Fastelaven	Bø kyrkje	11:00	Familiegudsteneste	Joh 12,20-33
17.02.	Askeonsda	Bø kyrkje	18:00	Skriftemål/Nattverd	Matt 12,38-42
21.02.	1sifaste	Bø kyrkje	11:00	Gudsteneste	Matt 16,21-23
28.02.	2sifaste	Bø kyrkje	11:00	Gudsteneste	Luk 7,36-50
07.03.	3sifaste	Bø kyrkje	11:00	Gudsteneste	Mark 9,17-29
14.03.	4sifaste	Bø kyrkje	11:00	Gudsteneste	2 Kor 5,18-21
21.03.	Maria Bod	Bø kyrkje	11:00	Gudsteneste	Luk 1,46-55
28.03.	Palmesøn	Bø kyrkje	15:00	Familiegudsteneste	Matt 26,6-13

«Bøn for bygda» Åpen bønesamling kvar tysdag kl. 14.00-15.00 i Tomaskapellet